

Langesund Rotaryklubb


Rotary

Møtereferat



Rotarymøte 28.08.2024 – veke 35

President [Eva Solskjær Boxaspen](#) opna det andre møtet i haust med å fortelje at [Anne Wiik Stamsø](#) hadde fødselsdag to dagar tidlegare, 26. august. Vi gratulerer! Det var 16 til stades på møtet.



Presidenten brukte deretter nokre minutt på å reklamere for haustens [Rotary Leadership Institute](#), som blir halde på Heimat, Brokelandsheia, kl. 10–16, laurdagane 12. oktober, 9. november og 7. desember.

Det var to Tigris-innlegg. Fyrst fortalte [Kari Herder Kaggerud](#) om [Julio](#), ein tidlegare meksikansk utvekslings-elev, som hadde vore her i sommar. Så takka [Sissel Berit Hoell](#) for gåva ho fekk frå klubben då ho fylte 70 år 7. juli.

Resten av møtet var vigt referat frå komitearbeidet på møtet for ei veke sidan, 21. august.

[Espen Hoell](#) frå [Medlemskomiteen](#) opna med å vise til RI-president [Stephanie Urchick](#), som oppmodar klubbanne til å auke medlemstalet. Espen presenterte detaljerte planar for korleis vi kan følgje oppmodinga, ved å setje som mål å få fem nye medlemer dette rotaryåret. Han hadde tre namngitte personar på lista.

[Anne Wiik Stamsø](#) fortalte at ei hovudoppgåve framover for [Ungdomskomiteen](#) er å skrive ein rapport om den meksikanske utvekslingseleven [Leonardo Fernández Flores](#), som var hos oss rotary-året 2023–2024.

Frå [Kommunikasjonskomiteen](#) refererte [Perry Sævik](#). Komiteen held fram med hovudaktivitetane sine, som er å referere frå møte og elles synleggjere aktiviteten i klubben gjennom nettsida vår, Facebook og pressa.

[Edrund Olaisen](#) fortalte frå verksemda i [TRF-komiteen](#). Der hadde dei drøfta nye prosjekt. For det første føreslår dei arrangement for eldre flyktningar, som i hovudsak er ukrainske. Mange av dei fell utanfor arbeidet som elles blir gjort for flyktningar. Støtte til unge flyktningar, for å gjøre det lettare å ta del i ulike aktivitetar, hadde òg vore oppe.

Endeleg fortalte [Steinar Skilhagen](#) om [Serviceprosjektkomiteen](#). Arbeidet der omfattar ikkje minst ein sluttrapport om Rotarylekene sist vår og planlegging av neste, som er sett til 5. april 2025. I tillegg kjem fullføringa innan året er omme av prosjektet med informasjonstavler langs Kyststien. Han drøfta korleis tavlene kan brukast av skolane i Bamble. Komiteen hadde også vore inn på tanken om å ta opp igjen tradisjonen med rebusløp.

Langesund, 1. september 2024, Rolf Theil.